

Framlegg til nytt kommunevalprogram 2019-2022

STRYN KOMMUNE – EIN GOD STAD Å BU OG DRIVE NÆRING



Våre hovudsaker/prioriterte saker:

- *Ha gode og trygge oppvekstmiljø.*
- *Det skal vere enkelt å skaffe seg bustad i kommunen.*
- *Utvikle eit godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, for å skape eit klima for vidareutvikling og nyetablering.*
- *Ein god kommune for alle som treng omsorg.*

Senterpartiets formålsparagraf:

Senterpartiet har som mål å legge vilkåra til rette for ein harmonisk samfunnsutvikling. Eit levande folkestyre, bygd på kristen og nasjonal grunn, er ein føresetnad for at folket skal trivast og landet ha framgang. Individet og menneskeverdet skal vere det sentrale i samfunnet og bli vist tillit i fellesskapet. Dei sosiale, kulturelle og økonomiske tiltaka samfunnet set i verk, må ta sikte på å skape vekstvilkår og trivsel for alle uansett kvar dei bur eller kva yrke dei har.

Utvikling i Stryn kommune

Stryn Senterparti vil utvikle alle lokalsamfunn i kommunen slik at det vert attraktivt å bu, arbeide og drive næring i heile kommune. Eit sterkt sentrum er viktig for utvikling av heile kommunen. Vi vil at Stryn skal vere ein tilflyttarkommune, og at både utflytta innbyggjarar og andre utanfrå, skal få lyst til å flytte hit. Bustadtomtar, barnehage og skuletilbod, ledige bustadar og eit godt nærmiljø er viktig.

Bustadpolitikk:

- Lett tilgjengelege og attraktive bustadtomtar i alle delar av kommunen.
- Leggje til rette for varierte bu-former.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og private aktørar for å få fleire tilgjengelege bustadfelt.

Oppvekstvilkår

Gode oppvekstvilkår er avgjerande for busetnad i heile kommunen.

Stryn Senterparti vil arbeide for:

- Idrett og fysisk aktivitet i heile kommunen.
- At barnehagane og skulane skal ha god kvalitet og vere mobbefrie.
- Langsiktige planar for skule- og barnehagestrukturen i kommunen.
- Forsvarleg desentralisert skule- og barnehage-tilbod med SFO i heile kommunen.
- At born med særskilte behov skal få fagleg god hjelp gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
- Alle elevane må få gratis skuleskyss etter leksehjelp, fleksibel skuleskyss.
- At skulane kan nyttast til aktivitetar også etter skuletid for frivillige lag og organisasjonar, spesielt i utkantane der ein ikkje har alternativ.
- Opparbeiding av utearealet til Stryn ungdomsskule bør starte opp i komande periode.
- Halde fram med oppdatering av IKT-utstyr på skulane til nytte både for elevar og tilsette.
- Vi ynskjer at kulturskulerektor skal vere likestilt med andre rektorar når det gjeld økonomi og styring.
- Ha god opplæring i språk og kunnskap om kommunen, slik at innvandrarar kjem raskt over i utdanning eller arbeidsliv.
- Jobbe for å styrke Stryn VGS sin posisjon i Vestland fylke og leggje til rette for at skulen vert ein attraktiv skule også i framtida.
- Arbeide for å utvikle samarbeidet mellom dei fire vidaregåande skulane i Nordfjord og at desse tilbyr eit breiast mogleg utdanningstilbod.

- Støtte opp under det gode samarbeidet mellom Stryn VGS og næringslivet i Stryn kommune.
- Auka fokus på beredskap og samfunnstrygging i all kommunal planlegging.
- Kommunen bør vere ein støttespelar for tilrettelegging av privat utbygging av bustadtomter.
- At Stryn skal vere ein attraktiv og trygg skulestad for hybelbuarar og ungdom elles.
- Støtte arbeid innan frivillige organisasjonar og leggje til rette for kulturaktivitet i heile kommunen.
- Utvikle og fortsette arbeidet med ungdomsrådet i kommunen, for saman med dei, å oppretthalde og vidareutvikle tilbod for ungdom.

Skal folk flytte til kommunen vår, er det viktig å skape trygge og gode ordningar i heile kommunen. Stryn Sp ynskjer å skape bulyst og leggje til rette for tilflytting i alle bygdelag.

Omsorg

Stryn Kommune skal yte gode omsorgstenester på rett nivå til rett tid. Førebygging og tverrfagleg samarbeid skal prioriterast med mål om at innbyggjarane skal få samordna tilbod og for at det vert sett inn tidleg innsats. Det må byggast og oppretthaldast god kompetanse i tenestene.

Stryn Senterparti vil arbeide for:

- Institusjonsplass til dei som må ha det, korttidsplassar til rehabilitering og avlastningsplassar til hjelp for pårørande med tyngjande omsorgsoppgåver.
- Styrke heimetenestene og tiltak som gjer at ein kan få bu heime lengst mogleg.
- Styrke barnevernet og ha eit godt samarbeid på tvers av kommunegrensene.
- Auka fokus på psykisk helse og særleg her styrke hjelpetiltak for barn og unge.
- Oppretthalde og vidareutvikle helsestasjon for ungdom.
- At kommunen har fokus på førebygging og tidleg innsats mot rusmisbruk.
- Ei stabil legedekning, ei vel fungerande legevakt og ei trygg ambulanseteneste.
- Stryn Senterparti vil ikkje privatisere omsorgstenestene.
- Fokus på trivsel på omsorgssentera, med mat produsert på plassen.
- Kommunen bør vere ein støttespelar også for tilrettelegging av gjennomgangsboligar og også eldreboligar.
- At Stryn skal vere mellom dei fremste til å ta i bruk ny velferdsteknologi med fokus på personvern og brukarmedverkad.
- Oppfylle kravet om einerom for alle som bur fast på institusjon.
- Kommunen skal kunne tilby dobbeltrom for par som ynskjer det.
- Støtte opp under frivillige organisasjonar som gjer viktig arbeid knytt til helse- og omsorgstilboda.
- At folkehelsearbeid skal vere gjennomgåande for alt arbeid i kommunen.

Næring og utvikling

Stryn Senterparti arbeider for å vidareutvikle det varierte næringslivet som ein har i kommunen. Vi ynskjer å leggje til rette for eit godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, slik at vi framleis får ei positiv utvikling med vekst.

Stryn Senterparti vil arbeide for:

- At kommunen skal vere ein viktig støttespelar og samarbeidspartnar for utvikling av næringslivet i Stryn kommune.
- Regulere tilgjengeleg næringsareal for vidare utvikling i ulike delar av kommunen.
- At alle bygder vert gjeve like vilkår for å kunne drive nyskaping og etablere arbeidsplassar.
- Vi skal ha ein aktiv næringspolitikk ved å jobbe for at det til ei kvar tid er tilgjengeleg næringsareal i alle delar av kommunen.

- Kommunen skal ver ein aktiv medspelar til å hjelpe i gang med nye bedrifter, samt støtte opp om eksisterande.
- Stryn Senterparti ynskjer ein revisjon av næringsapparatet i kommunen.
- Politisk fokus på rett kapasitet i administrasjonen.
- Ha eit aktivt samarbeid mellom kommunen, næringsorganisasjonane og næringslivet og leggje til rette for god dialog mellom desse.
- Kommunen og det lokale næringsliv skal spele kvarandre gode gjennom felles arenaer og godt samarbeid.
- Gode rammevilkår for landbruket, og sikre økonomien til dei som driv aktivt landbruk.
- Skape grunnlag for eit samarbeid med nabokommunar med tanke på eit større og meir slagkraftig landbrukskontor.
- Legge til rette for trygg og god dyre-velferd.
- Arealvern for aktivt og godt jordbruksareal.
- Reiseliv er eit viktig satsingsområde for vår region.
- Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet innan reiseliv.
- Arbeide for at Stryn skal vidareutvikle seg som heilårs turistdestinasjon.
- Legge til rette for turisme og den infrastrukturen som trengs for at dette skal skje i ordna former, og ikkje vere ei belastning for lokalbefolkninga.
- Støtte opp under utvikling av reiselivsnæringar i fleire delar av kommunen.
- Utvikle reiseliv knytta mot landbruket og bygdene, som t.d. gardsturisme (overnatting), gardsmat, kortreist mat, nisjeprodukt, og aktivitetsbaserte tilbod.
- Fiber og mobildekning i alle delar av kommunen.
- Gode og trygge vegar.
- Rassikring i våre lange og tronge dalar.
- Arbeide for opprusting og vedlikehald av kommunale vegar. Det må settast opp ein prioritert plan med rullering ein gong pr. kommunestyreperiode.
- Kommunale vegar er viktig for busetting i grisgrendte strøk.
- Gode rammevilkår for skogbruket ved å fjerne flaskehalsar for uttransport av tømmeret.
- Ha ei prioritert liste for utbygging av gang og sykkelveg og andre tiltak som gjev trygg skuleveg.
- Stryn Senterparti vil kjempe for gul midtstripe frå Utvik til Stryn.
- Tunellane mellom Olden og Stryn må utvidast.
- Stryn Senterparti vil kjempe for få ein trase på E39 gjennom Vikane som er tenleg for bygdene og lokaltrafikken.
- Nye tunnellar over Strynefjellet. Med ny flott veg gjennom Gudbrandsdalen, er det viktig å få ein vest-aust forbindelse mellom Nordfjord/Sunnmøre og Skjåk.
- Aktiv bruk av kommunedelplan som eit verktøy for politisk langsiktig planlegging. Bør rullerast annakvar kommunestyreperiode.
- At staten skal bere ein større del av ansvaret for arkeologiske undersøkingar .

Energi og miljø

Energi og miljø er viktig for vår eksistens. Stryn er leverandør av rein, fornybar energi gjennom mange kraftverk. Det er viktig å leggje til rette for utvikling av god teknologi.

Stryn Senterparti vil arbeide for:

- Fortsatt jobbe for utvikling av grøn energi.
- Ved bygging og opprusting av nye kommunale bygg og anlegg skal energisparande tiltak vektleggast.
- At miljøomsyn må vektleggast ved offentlege innkjøp.
- Vurdere om kommunale tenestebilar / køyretøy skal vere el- (ev. anna miljødrivstoff) ved utskifting.

- Arbeide for gode rammevilkår til kraftsektoren, opprusting av nettet for auka beredskap, effektivitet og utjamning av geografiske prisskilnader.
- At Stryn kommune har miljøfokus i sitt arbeid.

Arbeidsgjevaren Stryn kommune

Stryn kommune er ein stor arbeidsplass. For Stryn Senterparti er det viktig at Stryn kommune er ein god arbeidsgjevar.

- Stryn skal vere ein god kommune å jobbe i.
- Ein skal ha ein trygg og triveleg arbeidsplass.
- Ei god og tydeleg leiing er viktig.
- Lik løn for likt arbeid.
- Skal vere aktiv tilbydar av lærlingplassar/praksisplassar.
- Leggje til rette for kompetanseheving.
- Ha som målsetting å gje auka stillingar til dei som ynskjer.
- Senterpartiet vil ikkje privatisere primær oppgåvene til kommunen.
- Arbeidstakarane skal få kunne auka stillingsprosent ved å arbeide på tvers av sektorane.

Budsjettarbeid slik Stryn senterparti vi arbeide:

- Ein effektiv kommunal organisasjon.
- Ein kommuneøkonomi som gjev overskot i drifta og soleis er med å sikrar gode tenester og naudsynt kapital til utvikling og investeringar.
- For ryddige prosessar, der mest muleg vert bestemt i budsjett. Store investeringar skal vurderast opp mot drifta, ikkje vedtakast midt i budsjettåret.

Det er viktig for Stryn Senterparti at vi har best muleg beredskap når ulukka er ute. Om det er naturhending eller trafikkuhell, så er rask og god hjelp livsviktig.

Stryn Senterparti vil jobbe for:

- Gode beredskapsplanar i kommunal sektor.
- Trygg ambulanseteneste til alle.
- At Helse Førde skal nå målsettinga si. 90% av utrykkingar i distrikta skal vere framme på under 25 minutt.
- Fokus på førebyggjande arbeid.
- Styrke brannvernet i Stryn kommune med tanke på auka ansvarsområde. Viktig med fokus på riktig kompetanse og tilfredstillande utstyr.

Stryn Kommune og den nasjonale politikken

- Stryn kommune skal vere ei god kommune å bu i. Det skal vere tenestetilbod nær folk, noko som sikrar tryggleik for folk der dei bur.
- Eit levande folkestyre der det er tillit mellom folk, sikrar modellen med at ein yt etter evne og fellesskapet stiller opp for kvar enkelt. Resultatet av dette er rettferdig fordeling og ein velferdsstat som fungerer godt.
- Senterpartiet vil legge til rette for eit allsidig og variert arbeidsliv i kommunen. Dette føreset ein nasjonal politikk for næringsutvikling og god infrastruktur også i distrikts-Noreg.
- I Senterpartiet sin miljøpolitikk står forvaltartenkinga sterkt, der ressursane vert best nytta gjennom berekraftig bruk. For klimapolitikken vil Senterpartiet vere ein pådrivar for internasjonale avtalar og for nasjonale tiltak som inneber at Noreg tek sin del av klimaansvaret.

Godt val.

